



# MØTEBOK

Tidspunkt: Tysdag 20. juni 2017 kl. 1715

Stad: Kinosalen i Odda

**Desse møtte:** Steinar Langesæter, Jan Asbjørn Utne (vara for Jørund Kvestad), Ragnar Ystanes, Synnøva Sæbø

**Møtte ikkje:** Hildegunn Espe

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

## Saker til styremøtet

UFS 26/17: Tildeling av anbod på bygging av naust ved Nedsta Krokavatn

Steinar Langesæter/s/

Ragnar Ystanes/s/

Jan Asbjørn Utne/s/

Synnøva Sæbø/s/

### Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullevang herad

Hardanger Folkeblad



## UFS 26/17: Tildeling av anbod på bygging av naust ved Nedsta Krokavatn

### **Saksdokument:**

- 26-17 Anbodsbrief med skildringar og teikningar
- 26-17 Tilbod Byggmeister Samson Kjoberg AS
- 26-17 Tilbod Ivar Kjoberg
- 26-17 Tilbod Åsmund Eidnes Nedrevåg
- 26-17 Tilbod Arvid Ystanes
- 26-17 Tilbod Johannes og Bjørn Inge Eidnes

### **Saksutgreiing:**

Det blei sendt ut invitasjon til å gi pris på bygging av nytt naust ved Nedsta Krokavatn 4. mai, med frist for å koma med tilbod 12. juni, sjå vedlegg «26-17 Anbodsbrief med skildringar og teikningar». Invitasjonen blei sendt til fylgjande:

- Johannes og Bjørn Inge Eidnes ANS
- Arvid Ystanes
- Byggmeister Samson Kjoberg AS
- Ivar Kjoberg
- Inge Nedrevåg
- Åsmund Eidnes Nedrevåg
- Olav Langesæter
- Rune Lofthus

Det er kome inn tilbod frå fylgjande:

- Ivar Kjoberg
- Åsmund Eidnes Nedrevåg
- Arvid Ystanes
- Johannes og Bjørn Inge Nedrevåg ANS
- Byggmeister Samson Kjoberg AS

Tilboda er vist i tabellen under. Der det er atterhald/endingar er det teke med i tabellen. Viser elles til dei innkomne tilboda som er vedlegg til saka.

Grunna inhabilitet (svoger til sekretær er ein av tilbydarane) drøftar eg ikkje tilboda i saksframlegget.



	Pristilbud inkl. mva.	Atterhald/endingar/kommentarar
Ivar Kjoberg	kr 603 125	
Åsmund Eidnes Nedrevåg	kr 680 000	Snømåking er ekstraarbeid som ikkje er teke med i prisen. Fjellstyret må halda husvære under byggjearbeidet
Arvid Ystanes	kr 724 000	Auka dimensjon på reisverk til 48x148 for betre spikerslag til asfaltplater. Inkludert asfaltplater på taket for å unngå blafring i vindduk. Bæring til stubbegolv auka til 28x120 for betre spikerslag. Kjøkenskap, diskplate og køyer er ikkje med i prisen. Prisen føreset fri bruk av eksisterande naust under byggjeperioden.
Johannes og Bjørn Inge Eidnes ANS	kr 646 890	
Byggmeister Samson Kjoberg AS	kr 578 969	Arbeid utover anbudet vert fakturert med kr. 520,- ekskl. mva.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Ragnar Ystanes greidde ut om prosessen med utarbeiding av teikningar og utsending av tilbod om å gi pris på å bygga naustet.

Tilboda som er komne inn blei kort drøfta. Det var semje i styret om at det ikkje var noko som tilsa at ein skulle vurdere tilboda på anna grunnlag enn pris.

Steinar Langesæter kom med framlegg om å tilby jobben til Byggmeister Samson Kjoberg AS, som kom med det rimelegaste tilbodet. Styret slutta seg til dette framlegget.

**Vedtak (sak UFS 26/17):**

Ullensvang fjellstyre tilbyr Byggmeister Samson Kjoberg AS jobben med å bygga nytt naust ved Nedsta Krokavatn, basert på tilbodet på 578.969,- inkl. mva. datert 12.6.2017.